# Vågå Historielag: Årsmelding 2025

**Arrangement**

Historielaget har i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Svein Kleiven fortalde om møbelfabrikkane i Nord-Gudbrandsdalen, medan Jakup Skjedsvoll tok for seg kvar forfedrane våre kom frå. I samband med årsmøtet var det om gamle plassar og busetjing i Vågåmo. Egil Ulateig hadde eit foredrag om rektor Johs. Myren og eitt om krigsfange John Botheim. Torstein Hernes kåserte om Nils-Iva og Kviten. Hans Jakob Dahl prata om Thekla Resvoll. Inger Holbø og Anne Holbø Wendelbo fortalde og viste kunstverk frå Vågåsommaren 1894. Hege Iren Aasdal og Samson Øvstebø fortalde om korgmakar Syver Horten. Historielaget var medarrangør da Gudbrandsdalsmusea hadde konsertforestilling om utvandringa til Amerika, dette var i Ullinsvin. I juni var det vandring frå Skultbakken til Kampen der Kristin Akslen Hagen fortalde om Ola Kampen og det var ein del om slekta. I juli var det omvising i buene ved Gjendeosen. Jørgen Hagen tok i september i mot på nørdre Myrum og fortalde om restaureringsarbeidet der, det vart også sett på historia om Myrumsgrenda.

**Jutulheimen**

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Ein del stell og brøyting er utført på dugnad.

**Prestgarden**

Det er i året sett inn nytt kjøkken i hovudbygningen og sett i stand fleire rom med måling mm. Det er også gjordt ferdig lagerrom under låvebrua. Ved fjøset har Ola Stokstad bygd utstillingsmonter til «jernhesten». Kommunen er hovudaksjonær i aksjeselskapet Galleri Ullinsvin as, historielaget og husflidslaget har mindre eigardelar. Galleri Ullinsvin as har stått for galleridrift i utstillingsbygget, låven og stabburet, og brukt paktarhuset til kafe. Gudbrandalsdalsmusea hadde utstillingar i fjøset, på trevet, i aurbua og på toppen av låven. Husflidslaget brukar delar av hovudbygningen og fyrste etasjen i studeren og har stor aktivitet. Andre etasje i studeren er brukt til kunstnarverkstad for barn. Ullinsvin hadde svært mange besøkjande dette året. Samarbeidsutvalet for Ullinsvin der alle aktørane er med, arrangerte julemesse med utstillingar og aktivitetar med godt besøk. Samarbeidsutvalet arrangerte også fest for dugnadsgjengen og har elles stått for servering ved fleire arrangement.

**Prestgardshågein**

Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, luking, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Hagen har fungert godt som ein del av tilbodet i Ullinsvin saman med utstillingane. Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Ågot Råstad har leiinga av hagegruppa. Ei eige utomhusgruppe har stått for plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet i Ullinsvin.

**Ullinsvin as**
Det heileigde selskapet Ullinsvin as er eigar av nybygget i prestgarden. Kjellaren husar museumsmagasin og arkiv. Gudbrandsdalsmusea as står for drifta av magasinet. Galleri Ullinsvin as brukar utstillingsbygget. Ullinsvin as har same styre som historielaget.

**Laget elles**
Frå årsmøtet 12. mars 2025 har styre vore dette:
styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Valde Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Elin Hestdal Grev og Jørgen Hagen, varamedlemmar Ola Andvord Stokstad, Ågot Råstad og Mette Vårdal. Det har i året vore 10 styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane.
Laget har 430 medlemmar.
Revisorar er Astrid Hove Sandbu og Einar Hårstad.
Valnemnd er Eirik Haugen, Mathias Øvsteng og Ove Turtum.
Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.
Jens Hagen er styremedlem i Galleri Ullinsvin as.

Historielaget er medlem i Gudbrandsdal historielag Dølaringen, Knut Raastad er revisor der. Nils Valde styrer heimesida *vaagaa-historielag.org* og skannar og legg ut innsamla gamle bilde. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie.
God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2025.



*Peisstugu i hovudbygningen i Ullinsvin er sett i stand i 2025.*
*Foto: Dag Valde Aasheim*